TELEMARK
FYLKESKOMMUNE

# Saksprotokoll

**Utval:** **Hovudutval for kultur**
**Møtedato:** **18.09.2014**
**Sak nr:** **67/14**

**Resultat:** **Innstilling vedtatt**

**Arkivsak:** **14/4072**
**Tittel:** **Saksprotokoll - Høring - forslag til endringer i tannhelsetjenesteloven mv. - tiltak for å unngå kryssubsidiering innefor den f**

**Vedtak i Hovudutval for kultur**

| | |
|---|---|
| | Framlegget til fråsegn vert godkjent |

**Behandlinga i Hovudutval for kultur**

Fylkesrådmannens forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

TELEMARK
FYLKESKOMMUNE

# Saksframlegg

## Endringar i tannhelsetenestelova - fråsegn

| | | |
|---|---|---|
| Arkivsaksnr.:14/4072<br>Arkivkode: G 40 | Saksbehandlar:<br>Turid Kristoffersen | Behandling i:<br>*Hovudutval for kultur* |

## Forslag frå fylkesrådmannen

| | |
|---|---|
| | Framlegget til fråsegn vert godkjent |

## Bakgrunn for saka

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut høyringsnotat til endring av tannhelsetenestelova og framlegg til forskrift om plikt til å føre separate rekneskap mv. EFTA sitt overvakingsorgan ESA har slått fast at finansieringa av tannhelsetenester som fylkeskommunen tilbyr vaksne pasientar mot betaling kan innebere offentleg støtte som ikkje er i samsvar med EØS avtalen. Som følgje av at ein i dag ikkje har nasjonalt regelverk som stiller krav til separate rekneskap for tenester som er av både økonomisk og ikkje-økonomisk art, kan ein ikkje sjå bort frå at det skjer kryssubsidiering av den kommersielle delen av verksemda.
Departementet gjer framlegg om å endre tannhelsetenestelova slik at fylkeskommunane får plikt til å føre separate rekneskap for dei ulike delane av tannhelseverksemda.
ESA har gitt Norge frist til 1.januar 2015 med å gjennomføre føremålstenlege tiltak for å unngå mogleg krysssubsidiering i den fylkeskommunale tannhelsetenesta.

## Saksopplysningar

ESA viser til at mangelen på nasjonalt regelverk og rutinar som stiller krav om rekneskapsmessig skilje mellom tenester som er økonomisk og ikkje-økonomisk aktivitet medfører at ein ikkje kan sjå bort i frå at det førekjem statsstønad i form av kryssubsidiering i den fylkeskommunale tannhelsetenesta. ESA meiner difor at det må bli innført ei tredeling av rekneskapet til tannhelseverksemdene etter følgjande kriterier:

1 Tannhelsetenester som fylkeskommunen er pålagt ved lov og har plikt til å tilby særskilte pasientgrupper gratis eller mot redusert vederlag (ikkje-økonomisk aktivitet).

2 Tannhelsetenester som fylkeskommunen tilbyr vaksne mot betaling i område i fylket der det ikkje er ein marknad for slike tenester, og der det er reell trong for offentlege subsidierte tannhelsetenester (økonomisk aktivitet som samtidig er tenester av allmenn økonomisk verdi).

3 Tannhelsetenester som fylkeskommunen tilbyr vaksne mot betaling i område der det

er marknad for slike tenester slik at tenestetilbodet er i konkurranse med private tenestetilbod (økonomisk aktivitet)

Det er bare punkt ein og tre som er relevante for Telemark fylkeskommune slik at det er snakk om ei todeling av rekneskapen i tannhelsetenesta.
ESA peikar på at alle inntekter og kostnader, både direkte og indirekte, herunder ein forholdsmessig del av felleskostnadene, må fordelast korrekt mellom dei ulike aktivitetane som nemnd over. Den økonomiske aktiviteten skal og gje eit rimeleg overskot.
Legalitetsprinsippet og overordna prinsipp for statleg styring av kommunesektoren medfører at staten ikkje kan pålegge fylkeskommunen nye oppgåver utan heimel i lov. Departementet ser det naudsynt og hensiktsmessig at pålegg ovanfor fylkeskommunen som følgje av ESA sitt vedtak må bli gitt ei rettsleg forankring i tannhelsetenestelova og i forskrift med heimel i lov.
Fylkeskommunen vil vere pliktsubjekt i framlegget i høyringsnotatet og ikkje den einskilde tannklinikk.
Den nye lovparagrafen vil bli plassert i tannhelsetenestelova kapittel 5, som ein ny § 5-3.
Departementet ser det ikkje som føremålstenleg å detaljregulere alle forhold som er knytt til rekneskapsføring i lova. Det er fylkeskommunen sjølv som må sikre at det ikkje blir kryssubsidiering i tannhelsetenesta.
Departementet viser til at det er fylkestinget som etter kommunelova har ansvar for rekneskap og at det blir ført tilsyn med at desse blir reviderte på trygt vis. Fylkeskommunen sitt kontrollutval har dessutan ansvar for tilsyn med forvaltninga i fylkeskommunen.
Forskrifta skal gjelde i ein periode på 10 år med verknad frå 01.01.2015.

## Vurdering frå fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen viser til vedlagte framlegg til fråsegn.

Vedlegg : Fråsegn

DEN OFFENTLEGE TANNHELSETENESTA
*Fylkestannlegen*

Ref.

Det kongelige helse- og omsorgsdepartement
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Vår ref. 12/2557-13
G40/KRTU

Dato 19.09.2014

**Svar - Høring - forslag til endringer i tannhelsetjenesteloven mv. - tiltak for å unngå kryssubsidiering innenfor den fylkeskommunale tannhelsetjenesten**

Vurderingene i dette notatet er gjort ut fra geografiske, befolknings- og behandlingsrelevante forhold i Telemark fylkeskommune. Fylket har solid bemanning i Den offentlige tannhelsetjenesten og er godt rustet til å gjennomføre alle lovpålagte oppgaver slik de er beskrevet i Tannhelsetjenesteloven §3.2.2. Videre gis det tilbud til voksne betalende pasienter i et konkurranseutsatt marked i alle fylkets kommuner. Fylket har ingen områder der tannhelsetjenesten tilbyr tjenester av allmenn økonomisk betydning.

***Lovpålagte eller konkurranseutsatte tjenestetilbud***
Lovpålagte tjenester gjelder pasientgrupper i henhold til Tannhelsetjenesteloven § 3.2.2. Gr. A-D er tydelig definert. Videre forutsettes det at lovpålagte oppgaver også gjelder for rusbelastede pasienter og innsatte i fengsel, da disse er vederlagsfrie og dermed ikke konkurranseutsatte. Det samme antas å gjelde for Tannlegevakten i Grenland som administreres av Telemark tannlegeforening med tilskudd fra Den offentlige tannhelsetjenesten, tannbehandling i narkose, og behandling av pasienter omfattet av TOO prosjektet.

Telemark fylkeskommune har også ansatt spesialister som yter tjenester i konkurranse med private. Det har sammenheng med at fylkeskommunen har ansvar for å sørge for at nødvendige tannhelsetjenester i rimelig grad er tilgjengelig for hele befolkningen. Dette er svært viktig for en offentlig tannhelsetjeneste som ønsker å levere tjenester av høy kvalitet og kunne tilby dette til alle grupper av pasienter. Kjeveortopedisk behandling av barn er ikke nevnt spesielt i høringsnotatet. Siden det ikke er en lovpålagt oppgave for fylkeskommunen, og selv om deler av behandlingen er trygdefinansiert, vil en vesentlig del av kostnadene dekkes av pasientens pårørende. Kryssubsidiering er derfor mulig dersom man ikke påser at inntektene dekker alle utgifter og gir et overskudd på samme måte som reglene for voksenbehandling forutsetter.

Slik vi forstår de forslagene som nå er ute til høring, må de gjelde alle tjenesteområder hvor den offentlige tannhelsetjenesten behandler pasienter mot betaling, og hvor tjenesten ikke er lovpålagt eller finansiert ved tilskudd fra staten – jamfør § 1 i forskriften. Det går ikke klart fram av høringsnotatet, se for eksempel beskrivelsen av begrepet «kryssubsidiering» på side 19. Her benyttes begrepet *«voksne betalende pasienter»* hvor det kanskje bør anvendes en formulering som *«alle pasienter som mottar ikke-lovpålagt behandling, og som betaler deler av denne selv»* - slik det fungerer for kjeveortopedisk behandling.

***Regnskapsmessige konsekvenser***
Generelt er det enighet om forslagene fra HOD til endringer i tannhelsetjenesteloven §5-3. Endringene forutsetter separate regnskap for de forskjellige områder av virksomheten. Utfordringen ligger primært i å definere i hvilken grad lovpålagte administrative oppgaver og de direkte og indirekte kostnader knyttet til disse ivaretas rent regnskapsmessig. Blant annet har fylkeskommunen pålegg om en rekke registreringer

| *Postadresse* | *Besøksadresse* | *Telefon* | *Telefaks* | *E-post* | *Internett* |
|---|---|---|---|---|---|
| Fylkeshuset | Fylkesbakken 8-10 | 35917307 | 35533615 | fylkestannlegen@t-fk.no | www.telemark.no |
| 3706 SKIEN | 3715 SKIEN | 35917356 (dir.) | | | |

av behov og behandlingstilbud, et *sørge-for* ansvar og et *følge-opp* ansvar som krever betydelige ressurser. Disse bør holdes utenfor regnskap knyttet til konkurranseutsatte tjenester. Tannhelsetjenesten i Telemark fylkeskommune ser et tydelig behov for at det utarbeides tydelige retningslinjer for hvordan regnskap skal deles, sammen med hvilke tjenester som inkluderes i de ulike regnskapene, slik at disse er i overensstemmelse med kommunal- og regnskapsloven.

***Annet***

På side 27 i høringsnotatet presiseres det at Gr. A- E i tannhelsetjenesteloven § 1-3 andre ledd *«er listet opp i prioritert rekkefølge».* I Telemark er store grupper av barn og unge god tannhelse mens mange eldre og kronisk syke har urovekkende dårlig tannhelse og et stort rehabiliteringsbehov. Det synes derfor naturlig at intensjonen om å *«hjelpe de som trenger det mest»* bør være første og viktigste prioritet. Vi foreslår derfor å ta dette aspektet inn i det nye lovforslaget

Med vennlig hilsen

Turid Kristoffersen
Fylkestannlege